

Vestlandsforskningsrapport nr. 11/2019

Samhandling for grønt skifte: dei lokale og regionale aktørane sine erfaringar frå prosjektet

Ragnhild Freng Dale og Carlo Aall



Vestlandsforskning-rapport

| | |
|---|--|
| Tittel: Samhandling for grønt skifte: dei lokale og regionale aktørane sine erfaringar frå prosjektet | Rapportnummer 15 Dato 20-des-19 |
| Prosjekttittel Samhandling for grønt skifte | Tal sider 25 Prosjektnr 6353 |
| Forskarar Ragnhild Freng Dale, Carlo Aall | Prosjektansvarleg Carlo Aall |
| Oppdragsgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune, Regionalt forskingsfond Vestlandet | Emneord Klimasårbarheit, klimatilpassing, klimapolitikk, klimaomstilling |

Samandrag

I siste del av prosjektet «Samhandling for grønt skifte» vart det gjennomført intervju med dei ulike aktørane som har delteke i prosjektet på regionalt og kommunalt plan. Denne rapporten omhandlar deira erfaringar frå deltakinga.

Publikasjonar

Aall, C., Groven, K., Kvalmsås, H. (2017): Det grønne skiftet. Heilskapleg sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane. Bakgrunnsnotat for utarbeiding av lokale analysar. VF-rapport 5/2017. Sogndal: Vestlandsforskning

Aall, C. (2019): Sluttrapport frå prosjektet «Samhandling for grønt skifte». VF-rapport 10/2019. Sogndal: Vestlandsforskning.

ISBN: 978-82-428-0426-6

Pris: 100 kroner

Forord

Dette er ein del av sluttrapporteringa frå prosjektet «Samhandling for grønt skifte». Prosjekteigaren har vore Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan Vestlandsforskning har vore fagleg ansvarleg. Høgskulen på Vestlandet har delteke på nokre av samlingane i prosjektet. Prosjektet er finansiert av Regionalt forskingsfond Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Prosjektet har søkt å svare på spørsmåla om kva det grønne skiftet kan innebere, korleis dette reint konkret kan vise seg som utfordringar for Sogn og Fjordane og korleis statlege, fylkeskommunale og kommunale styresmakter best kan starte arbeidet med det grønne skiftet.

Ragnhild Freng Dale har hatt ansvaret for å gjennomføre spørjeundersøkinga og rapportere frå denne. Carlo Aall har bidrege med rettleiing og slutføring av rapporten.

Sogndal, 20.des 2020

| | |
|-----------------------------|--------------------------------|
| Carlo Aall prosjektleder | Ragnhild Freng Dale forskar |
|-----------------------------|--------------------------------|

Innhold

| | |
|--|-----------|
| SAMANDRAG | 5 |
| INNLEIING | 6 |
| OVERORDNA IDÉ | 6 |
| PROBLEMSTILLINGAR OG METODE | 6 |
| ERFARINGAR FRÅ LOKALE AKTØRAR | 9 |
| EID KOMMUNE | 9 |
| STRYN KOMMUNE | 11 |
| SiS-KOMMUNANE | 13 |
| GLOPPEN KOMMUNE | 15 |
| HYLLESTAD KOMMUNE..... | 18 |
| OPPSUMMERING OG DRØFTING..... | 19 |
| ERFARINGAR FRÅ REGIONALE AKTØRAR..... | 20 |
| FYLKESKOMMUNEN | 20 |
| FYLKESMANNEN | 23 |
| NVE | 25 |
| STATENS VEGVESEN..... | 26 |
| OPPSUMMERING OG DRØFTING..... | 28 |
| KONKLUSJON..... | 30 |
| VEDLEGG..... | 31 |
| INTERVJUGUIDE LOKALE AKTØRAR..... | 31 |
| INTERVJUGUIDE REGIONALE AKTØRAR | 31 |

Samandrag

Denne rapporten gir ei oversikt over erfaringar frå deltakande kommunar og fylkeskommunale aktørar i prosjektet «Samhandling for grønt skifte». Den greier ut om korleis aktørane har opplevd deltakinga i prosjektet, og deira refleksjonar kring eiga forståing av klimaomstilling ved prosjektets utløp. Rapporten tek også føre seg kva som har vore nyttig og mindre nyttig for aktørane i prosjektet.

Prosjekteigar har vore Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan Vestlandsforskning har vore fagleg ansvarleg.

I den regionale gruppa er Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Statens vegvesen Region vest, og ei tidlegare tilsett ved NVE Region Vest intervju. Eitt av intervju vart gjort via Skype.

I den kommunale gruppa er det gjennomført intervju med representantar for kommunane Stryn, Eid, Gloppen, Flora, Jølster og Hyllestad. Erfaringane frå kommunane Gaular, Naustdal og Førde vart dekkja i intervjuet med Jølster, ettersom dei er undervegs i ein samanslåingsprosess.

Innleiing

Denne rapporten er ein del av sluttrapporteringa frå prosjektet «Samhandling for grønt skifte». I denne rapporten presenterer vi resultat frå intervju med kommunale og regionale aktørar i prosjektet. Prosjektet har hatt som mål å svare på spørsmåla om kva eit grønt skifte kan innebære, korleis dette reint konkret kan vise seg som utfordringar for Sogn og Fjordane, og korleis statlege, fylkeskommunale og kommunale styresmakter best kan starte prosessen med det grønne skiftet. I intervjurunden har vi spurt om korleis kommunane og dei regionale aktørane har opplevd prosjektet, kva dei har fått ut av det, og korleis deltakinga har påverka omstillingsarbeidet lokalt og regionalt.

Overordna idé

Prosjektet har gått inn for å få fram ny kunnskap som kan styrke kommunal sektor si rolle som samfunnsutviklar generelt og som tilretteleggjar for berekraftige lokalsamfunn spesielt. Nivået på dei norske – og globale – utsleppa av klimagassar er langt frå å utvikle seg i den retninga som FN's klimapanel seier er naudsynt om verda skal nå målet om ei global oppvarming på maksimalt 2 grader. For å nå dette målet slår FN's klimapanel fast at utsleppa må reduserast med 40–70 prosent innan 2050 og at netto utslepp må ned til null innan 2100 (IPCC, 2014). Netto-null treng ikkje å innebære absolutt null-utslepp, men dei resterande utsleppa må fullt ut balanserast med tiltak for karbonbinding og fjerning av CO₂ frå atmosfæren. Vidare kjem at Norge – som resten av verda – er langt frå å gjennomføre dei tiltaka som er naudsynte for å tilpasse samfunnet til verknadane av dei forventede klimaendringane. Den siste hovudrapporten frå FN sitt klimapanel understrekar på dette grunnlaget at tida er i ferd med å renne ut for at samfunnet kan klare seg med «justeringar» for å løyse klimaproblema og at samfunnet difor må førebu seg på å gjere radikale omstillingar.

I det norske ordskiftet er det tatt til orde for eit såkalla «grønt skifte». Dette prosjektet har søkt å gje svar på spørsmåla om kva eit slikt skifte kan innebære, korleis dette reint konkret kan vise seg som utfordringar for Sogn og Fjordane, og korleis statlege, fylkeskommunale og kommunale styresmakter kan starte prosessen med det grønne skiftet. Kommunane har fått eit stort og avgjerande ansvar i dagens modell for arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar og tilpasse samfunnet til klimaendringar. Det er likevel grunn til å spørje om kommunane er i stand til å ta på seg eit like stort ansvar i arbeidet med å gjennomføre det grønne skiftet. Prosjektet har difor hatt ambisjonar om å utvikle nye former for tettare samarbeid mellom lokale og regionale styresmakter. Stikkord for denne nye måten å arbeide på er «samhandling» og «analysedugnad».

Problemstillingar og metode

Prosjektet har vore retta inn mot følgjande fem problemstillingar:

1. Korleis styrke kommunane sin kapasitet til å ta eit større ansvar i klimaarbeidet?
2. I kva grad kan den internasjonale faglege debatten om klimaomstilling og erfaringar frå arbeidet med norske omstillingskommunar overførast til eit arbeid med klimaomstilling i norske lokalsamfunn?

3. Korleis kan ein sameine mål om reduksjon av klimagassutslepp, tilpassing til ein forventa meir ambisiøs klimapolitikk og tilpassing til eit forventa endra klima i lokale omstillingsprosessar?
4. Kva type lokal kunnskap er viktig for kommunane sitt arbeid med klimaomstilling, og korleis kan ein ta vare på og aktivisere denne kunnskapen?
5. Korleis kan kommunane meistre og ta avgjerder under den graden av uvisse som gjeld klimaarbeidet?

Problemstillingane har vore utgangspunktet for utforminga av spørsmåla vist i vedlegg, men det har ikkje vore meininga at intervju av dei regionale og lokale aktørane aleine skal kunne gje grunnlag for å svare på desse problemstillingane. Også andre datakjelder er nytta til dette. Desse blir òg oppsummerte i sluttrapporten for prosjektet.

Intervjua er gjennomførte i perioden april til juni 2019, og har vore mellom 45 minutt og to timar i lengde. Svara blei tatt opp, men ikkje transkriberte. Intervjuguiden er utarbeida av Vestlandsforskning, med bistand frå fylkeskommunen (ved Ida-Beate Mølmesdal) og Fylkesmannen i Vestland (ved Eline Orheim).

Totalt er 11 kommunetilsette intervju, frå Eid (1), Stryn (2), Gloppen (5), Hyllestad (1), og SiS-kommunane (2). Regionalt er 14 personar intervju, frå fylkeskommunen (6), Fylkesmannen i Vestland (3), Statens vegvesen (5) og ein tidlegare tilsett i NVE. I det avsluttande intervjuet vart SiS-kommunane representerte av Jølster og Flora (assosiert medlem).

Ved starten av prosjektet melde prosjektkommunane inn kva for lokale planprosess(ar) dei ville kople prosjektdeltakinga opp mot. Den faglege dialogen mellom dei involverte forskarane, dei regionale offentlege aktørane og prosjektkommunane var knytt opp mot desse lokale planprosessane. Under prosjektperioden utarbeidde Sogn og Fjordane fylkeskommune dessutan ein regional plan for klimaomstilling i medhald av plan- og bygningslova.

Dei regionale prosessane omfatta først å bli einige om eit kunnskapsgrunnlag for den etterfølgjande faglege dialogen med kommunane. Kunnskapsgrunnlaget gjaldt ei analyse av kva utfordringar kommunane står overfor i arbeidet med det grønne skiftet og klimaomstilling. Vidare omfatta arbeidet regionalt korleis ein best kunne gjennomføre den faglege dialogen med kommunane fram mot ei formell lokal godkjenning av dei innmelde lokale planane.

Tabell 1 Formell status ved utgangen av prosjektperioden (1.9.2019) for dei lokale planprosessane kommunane melde inn i prosjektet

| Kommune | Planprosess | Formell status ved prosjektslutt |
|---------|--|---|
| Eid | Revisjon av klima- og energiplan | Ambisjonen var å lage ein ny klimaplan, men kommunen gjekk over til å fokusere på ein klimastrategi ¹ , men som ny kommune, Stad. Den er førebels ikkje vedtatt. |
| Årdal | Revisjon av klima- og miljøplan | Kommunen melde seg ut av prosjektet midtvegs på grunn av kapasitetsproblem. |
| Stryn | Revisjon av arealdelen i kommuneplanen | Ikkje vedtatt, men har fokusert på ulike tiltak/prosjekt i kommunen, m.a. fornybar |

¹ <https://eid.kommune.no/nytt-fra-kommunestyret-i-eid-26-04-2018.25200.aspx>

| | | |
|-----------------------|--|---|
| | | energi til Stryn Sommerski og tettstadprosjekt på Hjelle. Oversiktplan enno ikkje vedtatt |
| Gloppen | Revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen | Vedtatt ² |
| Hyllestad | Revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen | Vedtatt ny planstrategi ³ og samfunnsdel av kommuneplanen ⁴ |
| Nye Sunnfjord kommune | Ny, felles plan for klimaomstilling for den nye Sunnfjord kommune (SIS kommunane) ⁵ | Vedtatt ⁶ |
| Flora | Deltek i arbeidet med ny, felles plan for klimaomstilling | Ingen eigen planprosess |

I det vidare presenterer vi først resultatane frå intervjuane av dei lokale aktørane. I og med at Årdal melde seg ut av prosjektet relativt tidleg, har vi valt å ikkje gjennomføre intervju med representantar for kommunen.

Etter dei lokale resultatane, presenterer vi resultatane frå intervjuane med dei regionale aktørane. Til slutt dreg vi konklusjonar på tvers av kommunane og dei to forvaltningsnivåa.

²² <https://gloppen.kommune.no/f/p16/ibf8e54cd-aa94-4a8d-b2d8-3d7bb73a9226/kommuneplanen-sin-samfunnsdel-2018-2030-for-web-vedteken-av-kommunestyret-28febr18.pdf>

³ <https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/plan-og-tekniske-tenester/plan/kommuneplan/planstrategi/>

⁴ <https://www.hyllestad.kommune.no/tenester/plan-og-tekniske-tenester/plan/kommuneplan/ny-samfunnsdel-2018-2030/samfunnsdel-2018-2030/>

⁵ Sunnfjord kommune blir etablert 1. januar 2020.

⁶⁶ <https://www.jolster.kommune.no/tenester/planar/klima/>

Erfaringar frå lokale aktørar

Kor mange tilsette og avdelingar som har delteke i dei ulike intervju, har variert frå kommune til kommune. I enkelte kommunar stilte tilsette frå opptil fleire avdelingar til intervju; i andre kommunar var det berre ein eller to tilsette som deltok. Dette gjer at breidda av perspektiv varierer mellom kommunane, men gir likevel eit godt grunnlag for å drøfte kva aktørane sjølve opplever at dei har fått ut av prosjektet. I oppsummeringa frå kvar kommune har vi samanfatta svara under følgjande overskrifter:

- Kommunen si forståing og praktisering av klimaomstillingsarbeid på lokalt plan
- Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar
- Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå
- Motivasjon for deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte
- Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten
- Tenker de annleis om kva grønt skifte eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?
- Korleis fylkes- og kommunesamanslåing påverkar vilkåra for klimaomstilling

I det vidare følger ei oppsummering av kvar enkelt kommunes erfaringar og opplevingar av eige utbytte frå prosjektet. Deretter kjem ei oppsummering og kort drøfting av resultatata.

Eid kommune

Kommunens forståing og praktisering av klimaomstillingsarbeid på lokalt plan

Slik Eid kommune ser det, handlar klimaomstilling om å førebu seg og ta grep for å hindre at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av klimaendringane blir for store. Kommunen skil mellom klimatiltak og klimatilpassing, som er del av ulike strategiar.

Eid har utarbeidd både klimastrategi og sykkelstrategi, og desse som skal ligge til grunn for ny reguleringsplan og kommuneplan. Her ser dei ingen «quick fix», dei må halde seg til lovverk og arealplanlegging, og det blir til sist opp til politikarane i kommunen om dei vil følgje strategiane.

Som liten kommune står Eid i nokre dilemma – til dømes kjem utvikling av næringsliv og handelsbedrifter i konflikt med planar om å redusere flateparkeringa i sentrum. Ein sentrumsanalyse utført av Asplan Viak (2018) viste at mykje av sentrum blir brukt til parkering, men politikarane har ikkje gått inn for å endre det.

Same dag som intervjuet blei gjennomført, la også det første cruiseskipet til kai i kommunen. Dømet illustrerer at det er mange ulike meiningar om korleis klimaomstilling og næringsutvikling på lokalt plan heng i hop. Cruiseskip har per dags dato svært høgt karbonutslepp, men reguleringa av slike skip er først og fremst eit nasjonalt ansvar.

Det er også utfordrande for kommunen at utsleppsreduksjon krev ein del verktøy dei ikkje rår over i ein liten kommune. Stort sett er det reduksjon i bilbruk som gjev målbar effekt i utsleppsstatistikken, men dette er ei omstilling det tek tid å gjennomføre, ettersom den blir styrt av kvar ein gir løyve til å setje opp bygg og kvar folk buset seg.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

Store hendingar som flaum og skred påverkar politikarane sin vilje til å handheve tiltak. Eid kommune tek høgde for at slike hendingar vil inntreffe hyppigare, både ut frå prognosar og nedbørsstatistikk for dei siste tiåra, som viser ein klar auke. Å gjennomføre tiltak for klimatilpassing er såleis enklare enn å redusere utslepp. Tettstaden Nordfjordeid må vekse for å ha ein sunn økonomi, og folk er meir fokuserte på kva som skjer om ti år enn om 100 år.

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Fokuset kjem frå vedtatt politikk snarare enn opplevde endringar i klima. Eid har vore Venstre-styrt i åtte år, og har ein klimaplan frå 2015 som set fokus på klima og berekraftsmål. Dei vi intervjuar, understreka at det er viktig med politikarar som brenn for klima og prioriterer saka, i tillegg til eit kommunestyre som har ønske og vilje til å ta grep. Ordføraren i Eid er flink til å profilere seg på klimatiltak, og kommunen har mellom anna fått elbil-ladarar med støtte frå Enova og kraftselskapa, slik at dei har mange ladeplassar i høve til kommunen sin storleik. Ladeplassane er i bruk blant pendlarane, men det er vanskeleg å seie om det er klima eller insentiv som er grunnen.

Kommunen si erfaring peiker òg mot at folk ikkje tenkjer spesielt mykje på klima i kvardagen, at dei kan ha problem å skilje mellom kva som er fagfelleverdert forskning og ikkje, og at folk generelt ikkje er villige til å gå ned i levestandard og grad av fridom for klimasaka. Ungdomen er meir villig til å redusere, og ungdomsrådet i kommunen viser større vilje både til å vere mjuk trafikant og til å omstille seg.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Hovudmotivasjonen for prosjektdeltaking har vore å auke kunnskapsnivå og kompetanse. Samstundes er Eid undervegs i ein samanslåingsprosess med Selje kommune, og det har lagt beslag på mykje av kapasiteten deira. Dei har difor ikkje deltatt på alle samlingane. Som liten kommune har dei ikkje høve til å tilsetje ein klimaspesialist, men Eid har samtidig behov for kunnskap når dei skal ta avgjerder og gi råd til kommunestyret. I prosjektet har dei etablert forum med gruppa som er med, med kommunane og fylkeskommunen. Det har gitt dei praktiske verktøy for å vurdere kva retningslinjene betyr, ei meir samordna forståing av kva utfordringane er, og innblikk i Fylkesmannen og NVE sine tankar om kva dei bør gjere og kva dei kan gjere. Det einaste kommunen har sakna, er at Fylkesmannen stilte med tilsette frå planstaben.

Kommunen har utarbeidd klimastrategien undervegs i prosjektperioden, samt betre kartlegging av flaumsoner (ROS-analyse). Stort sett er det administrasjonen som har deltatt, og i hovudsak plan og utvikling.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Gjennom rapporten og presentasjonane er Eid kommune blitt kjende med kunnskapsmateriale som er kvalitetssikra med vitskapelege metodar. Det har vore nyttig med presentasjon av funn, modellar og uvisse og opplysningar om kva klimaforskarar er sikre og usikre på. Kommunen er interessert i å prioritere ressursane rett og er lydhøyr for ekspertise. I omstillingsarbeidet har dei sakna meir fokus på økonomien i omstillingsarbeidet, korleis dei kan gjere det lønsamt slik at folk gjer klimavenlege val og ikkje berre det billegaste

alternativet. Dei saknar òg ein noko enklare verktøykasse for å rekne ut utslepp. Det tek mykje tid å komme fram til utslepp og energibruk og leggje inn data i verktøya Vestlandsforskning presenterte.

Samarbeidet kunne ha vore betre, men dette handlar om planstrategi og løyvingar til den enkelte kommune, og om ulike behov. Dei peikar på at dette kunne ha vore meir koordinert, men det kan takast vidare neste gong.

Tenker de annleis om kva grønt skifte eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?

Kommunen tenker annleis om klimaomstilling no, særleg kring kva dei kan gjere noko med av det som blir målt i SSB-statistikken. Dei kan sjølv regulere bilbruk, men endringar i landbruket må kome frå regionalt eller statleg nivå. Kommunen set inn tiltak for å gjere utsleppskutt i eiga drift, men ikkje frå privat forbruk i kommunen. Globale effektar av klimaendringar, til dømes auka migrasjon, ser dei som eit statleg ansvar.

Samanslåing av offentleg verksemd

Samanslåing av kommunar får verknad lokalt når Eid slår seg saman med ein kommune som har ein annan næringsstruktur og demografi. Førebels vet dei lite både om kommune- og fylkessamanslåinga. Fylkesmannen skal ha den same rolla når det gjeld ROS-analyse, men kva som gjeld fylkeskommunen er Eid kommune meir usikre på. Det går òg føre seg ei omstrukturering i ansvaret for vegane, så det er «litt ingenmannsland» no, men dei forventar at det kjem meir konkrete krav til klimatilpassing. Dette kjem litt an på kva slags regjering som sit med makta og om det blir vedtatt lover med effekt og bindande verknad.

Eid ønskjer å ta med seg nettverksarbeidet inn i samanslåingsprosessane. Dei har hatt både positive og negative erfaringar (særleg rundt dragkamp om ressursane), men eit velfungerande samarbeid, administrativt arbeid og planlegging.

Stryn kommune

Kommunens forståing og praktisering av klimaomstillingsarbeid på lokalt plan

I det daglege arbeidet er tilpassing til klimaendringar meir synleg, med fokus på havstigning, skred og flaum, men dei har òg kome lengre i tenkinga rundt langsiktig planlegging for klimaomstilling.

Klimaomstilling, slik Stryn kommune forstår det, inneber ein del upopulære val for utkantkommunar, til dømes vern mot dyrking av myr. Her må vegen gåast opp av staten, og kommunen si rolle er å forklare kvifor. Det er vanskeleg for politikarane å stå rakrygga i upopulære val for dei som lever i dag på vegner av etterkommarane våre, men det er òg heilt nødvendig at dei gjer det.

Stryn kommune har hatt fleire prosjekt med støtte frå Miljødirektoratet si støtteordning Klimasats. Administrative tilsette ønskjer å forvalte kunnskapsbasert, sjølv om det tek tid. Dei freistar å selje inn forslaga sine til politikarane i forkant, og sjå samanhengane mellom prosjekta. Dei ser at det er enklare å få gjennom tiltak dersom innbyggjarane også støttar opp, anten det er lokalt eller nasjonalt. Slik sett kan dei sjå mykje positivt med skuleaksjonane. Stryn er ein industrikommune, og politikarane byrjar å innsjå at dei må syte

for å ha noko å tilby i framtida. Ei grøn linje må forståast som noko praktisk, positivt og næringsretta.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

I samfunnet no er det to typar miljøoppgåver som får merksemd: plast og klima. Folk reagerer veldig ulikt på dei to sakene. Plast er synleg, og ein kan få konkrete forbod. Når det gjeld klima, er det heilt umogeleg: Folk får panikk viss nokon føreslår at oljeutvinninga skal avsluttast eller at dei må slutte å fly.

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Enkeltpersonar har mykje å seie. Folk byrjar å tenkje annleis no, men ein kan ikkje overtyde ein opinion som ikkje er klar for å bli overtydd. Til dømes opplevde Stryn kommune det som nærast umogeleg å krevje at cruiseskip nyttar landstraum for 2 år sidan, men det no blir snakka mykje om. Stryn gjekk ikkje i bresjen her, men må no skunde seg for å hengje med. Dei ser det som eit paradoks at dei unge verkar som dei vet meir om klima enn de vaksne. Dei intervjuar understrekar at det er viktig å arbeide *med* dei unge og ta dei med på råd, i staden for å messe *til* dei.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Stryn har ikkje arbeidd med ein eigen klimaplan i perioden, men ein revisjon av arealdelen i kommuneplanen. Dei har òg hatt Klimaløft-prosjekt som har gått parallelt og som er meir konkret geografisk. Kommunen gjekk difor inn i Grønt skifte-prosjektet med tanken om at det kunne fungere som ein paraply for arbeid med klimasaker. Fleire av avdelingane har vore involverte: teknisk, planavdeling, regulering, byggesak og kartoppmåling. Gjennom planutvalet har også formannskapet vore involvert. Fram til nå har arbeidet handla mest om kartlegging, men dei vil òg ta det inn i ein operativ del og kople til det lokale nivået.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Det er mykje godt materiale tilgjengeleg etter kvart, men kommunen manglar tid til å følge opp alt. Dei skulle gjerne hatt ein person på heiltid som kunne ta i bruk kunnskapen og verktøya som finst. Kommunen har eit stort arbeidsfelt, og som liten kommune er det vanskeleg å kunne alt dei arbeider med. Difor ville dei ta Grønt skifte-prosjektet inn i det daglege arbeidet og driftsprosessane i staden for å skrive ein eigen plan. Her har dei kome eit stykke på veg, men dei er ikkje heilt i mål.

Stryn kommune arbeider ikkje med forbrukskutt hos innbyggjarane direkte, men kommunen sertifiserte seg som Miljøfyrtårn veldig tidleg. No har dei spart det dei kan spare på administrasjonsbygget, men samstundes blir kommunen drifta frå fleire bygg i dag.

Dei har ikkje nytta materialet som ligg på nettsidene til Vestlandsforskning, i hovudsak på grunn av tidsmangel, men dei har hatt nytte av materialet som blei presentert på samlingane. Dei tykkjer det er mykje godt materiale. Kommunen skulle gjerne hatt ein heiltidsstilling for å følge opp, men har lite ressursar til klima og miljø, samstundes som det er eit stort arbeidsfelt. Difor er det viktig å få klimaperspektivet inn i den daglege driftsprosessen.

Tenker de annleis om kva grønt skifte eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?

Kommunen tenker at det er viktigare å setje i verk tiltak enn å bruke tid på å skaffe eit talmateriale. Dei skal revidere samfunnsdelen av klimaplanen snart, og forventar at klima blir løfta høgare opp enn sist (i 2015). I klimaplanen frå 2009 var det hovudsakleg klimatilpassing som var med, og mindre fokus på å redusere utslepp. No er det endra, og Grønt skifte-prosjektet har vore nyttig for å kunne seie at det må gjennomførast tiltak lokalt, med fokus på at det lokale nivået betyr noko.

I planarbeidet har det vore litt vanskeleg for kommunen å sjå kva som kan gjerast i kommuneplanlegginga, og det står att ein del arbeid for å få med føresegner og arbeidsliste som kan brukast. Planen treng mellom anna systematisk tenking på planlegging av bustader, vegar og plass til biogassanlegget som kjem i Innvik.

Samanslåing av offentleg verksemd

Kommunen forventar at samanslåinga kan ha negativ verknad på klimaet grunna auka sentralisering, pendling osv. Samstundes får dei tyngre fagmiljø, noko som kan gi betre føresetnader for å arbeide med klimaspørsmål. Samanslåinga til større kommunar, som nye Sunnfjord kommune, kan skape ein «leiarhest» som dei andre kan måle seg mot. Samstundes gir ikkje samanslåing nødvendigvis betre økonomi, så dei er usikre på kva den nye kommunen kan få til.

SiS-kommunane

Kommunens forståing og praktisering av klimaomstillingsarbeid på lokalt plan

For SiS-kommunane omfattar grønt skifte både ei tilpassing til klimaendringar og reduksjon av utslepp – at folk omstiller seg til å vere klar til å ta del i dette, og til ein ny måte å leve på. Kommunen arbeider med dette gjennom veg, bygg, arealplanlegging m.m. Ein interkommunal plan som skal vere klar i juni 2019 vil leggje føringar for alt av planar. Kommunen rår ikkje over alt som påverkar utslepp, og dei tykkjer tilsette gjerne er meir medvitne om tilpassing enn om utsleppsreduksjon.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

Dei fem kommunane er ulikt utforma, og klima har til dømes vore på agendaen i Flora kommune lenge – særleg knytt til stormflo, flaum og beredskap. Kommunen har ei formeining om kor høgt vatnet kjem til å gå, og planlegg etter det. I Førde har dei ein overvasstrategi, medan det har vore mindre i fokus på slikt i Jølster. Førde, Gaular og Jølster er skredutsatte kommunar, og det har vore snakk om å bruke skogen som vern. Flora arbeider meir med utsleppsreduksjon, til dømes kvar vegane skal gå og kvar bussane skal stoppe.

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Fokuset er litt overalt. Det som er i media siver inn i hovuda på folk. Særleg plast er aktuelt no, og dette er samstundes noko som lett kan handterast. Dei intervjuar opplever at det har skjedd mykje dei siste fem åra, og folk er generelt meir opptatt av miljø. Det er vanskeleg å seie kva som er Grønt skifte-prosjektet si fortjeneste, men prosjektet og planarbeidet har bidrege til bevisstgjerjing av dei involverte personane. Dette har vore nyttig for kommunane,

særleg nettverksarbeidet. Dei har fått oversikt over kven som arbeider med kva, og kven ein kan få til ting til i lag med. Vidare har dei tileigna seg ny kunnskap, og jobba med korleis klimabudsjett kan synleggjere kostnader og mogelegheiter for kutt, både i eigen organisasjon og litt utover det. Innkjøp har likevel ikkje så stort fokus, så engasjementet er ikkje det same i heile organisasjonen. I Flora er det ein generell haldning om at kraner er framtida og signaliserer utvikling i byen. Dei intervjuar ønskjer at politikarane skal sjå at nye byggeprosjekt ikkje nødvendigvis er synonymt med velstand.

Kommunane merkar at dei som arbeider med klimaomstilling gjer meir medvitne val: Dei tek buss i staden for å fly og spør seg oftare om det er nødvendig å reise. Omstilling handlar om å venne seg til andre reisevanar og måtar å kommunisere på, sjølv om ein skjerm ikkje er det same.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Nokon frå administrativt nivå i kommunane har delteke på alle samlingane. Gjennom prosjektet har dei fått verktøya dei har leitt etter, og fått høve til å stille spørsmål og ha ein dialog med både forskarane og fylkeskommunen. Kommunal teknikk og drift har vore med på møta som handla om tilpassing. Det har også vore politikerverkstad i samband med ei samling.

Til tider har det vore vanskeleg for dei å skilje kva som er Grønt skifte-prosjektet og kva som er noko anna. Ikkje alle hadde fått med seg at NVE-samlinga på Skei var ein del av Grønt skifte, men det er også generelt meir fokus på tematikken no.

Kommunen gjennomførte òg ei spørjeundersøking i SiS-kommunane for å kartlegge klimaarbeid, som dei oppfatta som ei oppgåve dei skulle utføre i prosjektet. Det viste seg at dette var ein misforståing, men dei fekk stor nytte av kartlegginga, mellom anna i form av betre oversikt over eigen organisasjon.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Jølster har brukt rapporten mykje, mens Flora ikkje har gjort det i særleg grad. Tabellen frå Vestlandsforskning om utslepp frå transport har vore nyttig, og er meir nyansert enn Miljødirektoratet sine «litt forenkla Excel-ark», som eitt av intervjuobjekta kalla dei. Ulempa er at ein treng meir kunnskap for å bruke tabellen. Kommunane er òg meir medvitne om innkjøpsavdelinga og at det er pengar å spare på miljøtiltak.

Dei peiker på at det var litt uklart kva prosjektet skulle bli i starten, og sakna litt at dei skulle produsere noko, men er nøgde med å ha blitt betre kjende gjennom arbeidet. Det hadde også vore nyttig for deira del om den politiske leiinga hadde deltatt.

Nye former for lokalt samarbeid?

Gloppen, Flora og SiS-kommunane har søkt Klimasats-midlar til eit nytt nettverk, og vil lage klimarekneskap og budsjett. Dei spurde også Stryn, men dei hadde eit anna prosjekt dei var i gang med. Dei har også blitt godt kjent med fylkeskommunen og Vestlandsforskning, og opplever at det er låg terskel for å ta kontakt. Fylkesmannen har vore på samlingane, men det har vore meir enn éin person. Dei har ikkje hatt nokon dialog med dei andre regionale aktørane. Særleg seminar og konferansar har vore nyttig for å knytte nettverk. Her trekker dei òg fram Klimathon i Hordaland som eit døme.

Tenker de annleis om kva grønt skifte, eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?

Dei har ikkje døme på samproduksjon av kunnskap, men nemner at HOPE-spelet auka medvitet deira om indirekte utslepp og grader av vilje og tvang. Særleg peiker dei på at samfunnet har ei oppfatning av at berre folk vet kva dei skal gjere, vil dei handle riktig, men at det i realiteten er meir utfordrande. Samstundes er det ikkje så mykje kommunane ser at dei kan gjere for å senke forbruket til familiar. Dei kan påverke indirekte gjennom eigne innkjøp, men dei jobbar ikkje direkte med utsleppsreduksjon her.

Samanslåing av offentleg verksemd

Samanslåinga har førebels ikkje hatt så stor innverknad for deira del, bortsett frå at fylkeskommunen ikkje hadde høve til å vere med i nettverket vidare. No mistar dei litt oversikt over rollene til dei ulike aktørane, men får også større fagleg nettverk. Hordaland fylkeskommune besøkte Flora i fjor og vil satsa på hydrogensamarbeid, noko kommunen er positiv til. For Flora er det også positivt med eit klimanettverk. Kommunen slår seg saman med Vågsøy, og dei har ingen tilsette på miljø, så dei er glade for å ha nettverket.

Klimakoordinatoren har samstundes mykje på sitt bord akkurat no, og vet ikkje kor vidt det vil bli tilsett ein person til. Nye Sunnfjord kommune skal opprette ei tverrfagleg gruppe innan klima på leiarnivå, men det er uvisst akkurat korleis organiseringa blir.

Dei intervjuar ser at mykje er personavhengig: Enkelte av dei tilsette i fylkeskommunen og hjå Fylkesmannen er veldig tilgjengelege og enkle å kontakte, medan andre er litt vanskelegare å få råd frå, men dette gjeld på alle nivå.

Gloppen kommune

Kommunens forståing og praktisering av klimaomstillingsarbeid på lokalt plan

Kommunen seier dei har eit heilt anna fokus på klimaomstilling og klimatilpassing enn for nokre år sida. Når det gjeld bygg, har dei særleg fokus på energikjelder, renovering og nye prosjekt, i tillegg til energimåling og -sparing. Dei har registrert nedgang i energibruken, men det er vanskeleg å seie om det kjem av sparing eller høgare gjennomsnittleg utetemperatur.

På landbruksområdet er næringa i front sjølv, og Gloppen er pilotkommune i eit forsøk å bruke landjorda på ein meir rasjonell måte slik at transportbehovet går ned. Fokuset ligg på køyring, ikkje på kua, og dei held fast på at kua utnyttar ein marginal ressurs som beitedyr. Planetaten i kommunen har sterkare fokus på naturskade, og korleis skred, flaum og overvasshandtering blir tatt omsyn til i den kommunale planlegginga. Det er viktig at krav kjem med i reguleringsplanane, men det er ei utfordring for kommunen at sentrum og eksisterande bygningar ligg lågt i terrenget. Det kan og vere krevjande å følgje opp reguleringane, men dei ser det som viktig at kommunen er tøff når private utbyggarar får ein ekstra kostnad. Samstundes er ikkje Gloppen eit pressområde, og kan få dilemma fordi dei har eit sterkt ønskje om utvikling av kommunen. Plan og krav samsvarar ikkje alltid med realitetane og dispensasjonar i enkeltsaker, men tematikken blir diskutert jamleg i planforum. Større fokus på tilrettelegging for gåande og syklende kan òg komme i konflikt med at folk skal bu på bygda.

Kommunalteknisk avdeling arbeider med ein plan for vatn og avløp i samband med fornying av hovudplanarbeidet. Dei forventar at denne planen blir viktig som styringsverktøy, og har

fått fagleg bistand frå NVE som har registrert kritiske punkt i 12 ulike elver og bekker i fjor. Avklaring av ansvarsforhold for grunneigar er òg viktig. Her står det att mykje arbeid på opplysning og bevisstgjerung.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

Gloppen opplevde ein større flaum i 2017. I oppryddingsarbeidet var det enkelt å sjå konsekvensane når bekker og elver plutselig fekk stor vassføring. Det er vanskeleg å vite når det vil skje på nytt, difor er godt arbeid med førebygging viktig, men dei slit med mangel på ressursar til å gjennomføre alt som trengst. Kommunen har no montert ein nedbørsmålår som gir betre oversikt lokalt enn den generelle målaren som har vore i Stryn til no. Eid, Førde og Stryn har kjøpt målarar. Dei arbeider også med eit dataprogram og leidningskartverk som brukast av alle på bygg og anlegg, og som gjer det enklare å sjå kva som må gjerast ute. I reguleringsplanar er det innspel om å setje krav til overvasshandtering.

Kommunen har også fokus på klimaomstilling og klimaendringar gjennom mobilitetsveke og sponing av deltakarar i sykle-til-jobben-kampanjen, og ser ein positiv haldningseffekt av det.

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Her ser ikkje kommunen eitt svar, men at fokuset kjem frå summen av at samfunnet i større grad set slike tema på dagsorden og ein kombinasjon av forskriftskrav og at politikare etterspør klimafokus. Nasjonale forskrifter, innspel, merknader, overordna styresmakt og retningslinjer aukar medvitte for kommunen, noko også Grønt skifte-prosjektet har gjort for dei.

Gloppen kommune fekk sin første klimaplan i 2009-2012. Kommunen fekk då eit tilskot på 100 000 kr for å få eit konsulentfirma til å utarbeide planen. Dei kjenner ikkje så mykje eigarskap til planen som kommune, men den har vore i bruk spesielt innan bygg.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Kommunen valde å fokusere på samfunnsdelen av kommuneplanen i prosjektet. Dette ble mindre konkret enn dei av kommunane som arbeide med klima- og miljødel, men det har vore nyttig å ha det temaet forankra i samfunnsdelen når dei har søkt om eksterne klima- og miljømidlar. El-syklar og haldningsskapande arbeid har særleg kome fram her.

Fleire av dei tilsette har vore involverte i prosjektet, og det har til dels vore utfordrande at ikkje det har vore ein fast person med frå starten. Dei har vore 1-2 personar på dei ulike samlingane, og ut frå tematikken har dei tilpassa kven som har reist på samlingane. At tematikken har vore overordna, har også gjort at dei har greidd å involvere fleire avdelingar i kommunen.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Prosjektet har bidrege til å auke medvitte i kommunen om at dei treng ressursar, både i form av ekspertkompetanse på klima- og miljøfaget, men også i dei ulike avdelingane i kommunen. Det har òg ført til at tilsette har fått kompetanseheving.

Rapporten om heilskapleg sårbarheitsanalyse har vore utfordrande å forstå og bruke for ein kommune. Det vart mykje komplekst materiale, men lite konkret om kva det betyr for kommunen og deira rolle. Samstundes ønskjer dei å ta utfordringa, og dei er blitt motiverte til å ta tak i temaet.

Det er òg ei utfordring for dei tilsette at feltet er så breitt. Konferansen i Haugesund var innom alt frå landbruk til innkjøp og areal, men om tilsette frå så mange ulike avdelingar skulle ha reist, ville det ha vore lite klimavenleg. Her føreslår dei bruk av nettbaserte seminar, altså webinar, til dømes Miljødirektoratet sine. Kommunen brukar desse alt, og ser dei som eit fint høve til å samlast internt og diskutere ulike tema.

Kommunen peiker også på at mykje av den noverande forskinga går på byane, medan små stader, som bygdene i Gloppen, har andre utfordringar. Dei etterlyser meir forskning omkring dette.

Nye former for lokalt samarbeid?

Det har vore nyttig for kommunen å bli kjent med andre kommunar og erfare at også dei tykkjer klimaomstillingsarbeidet er vanskeleg. Gaular, Naustdal og Førde har søkt Miljødirektoratet om midlar til å føre nettverket vidare, og målet er ei oppskrift for korleis dei skal arbeide med klimabudsjett, med måling av utslepp og omrekning av effekten i klimavinstar. Gloppen ser òg til Fjell kommune, som har eit slikt budsjett. Dei leiter i tillegg etter andre kommunar som har fått det til.

Arbeidet med Grønt skifte-prosjektet har òg skapt nye samarbeid internt i kommunen, gjennom at personar frå fleire avdelingar har reist i lag på samlingane og fått høve til å diskutere undervegs.

Tenker de annleis om kva grønt skifte eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?

Tematikken kring indirekte klimasårbarheit og indirekte utslepp som ikkje blir målte i SSB-tala, er framleis litt flytande for kommunen. Ut over det er dei motiverte til å arbeide med innbyggjarane. For ein liten plass som ønskjer vekst, oppblomstring av næringsliv og handel, er det eit dilemma å vekte klima mot auka forbruk og næringsutvikling. Over tid veit dei at dei må omstille seg til nye næringar. Dei ønskjer at turistane som kjem, skal bruke bein og sykkel i staden for å bli køyrde rundt, og at el-fly på kortbanenettet og el-båtar overtek transport, men det er samstundes ei utfordring dei ikkje løyser i planarbeidet.

HOPE-spelet skapar medvit om kor lett det er å seie at ein ønskjer reduksjon, men folk vil framleis reise til Thailand. Trur ikkje folk er så medvitne om klima og på at dei må innrette kvardagen annleis for å ta det på alvor. Her saknar dei draghjelp frå nasjonalt hald, det er ingen politikarar som seier høgt at forbruket må reduserast. Ofte blir det eit tema på konferansar at kommunen sit og ventar litt på krav og konkrete restriksjonar på kommunar og enkeltpersonar. Dei tykkjer dette må komme frå nasjonalt hald og ikkje kan vere enkeltkommunen sitt ansvar, for då kan folk flytte ut av kommunen i staden for å gå med på reduksjonen.

Samanslåing av offentleg verksemd

Ein venta konsekvens av samanslåinga er lengre reiseveg for å møtast. Dei fleste i Sogn og Fjordane kan komme seg til Skei, men Bergen er langt og lite klimavenleg, så det er usikkert om dei vil setje av like mykje tid til det. Kommunen går ut frå at den nye fylkeskommunen vil måtte dele samlingane og halde møte på to stader. Dei påpeikar at nettmøte er mogeleg, men av og til må ein møtast rundt same bord.

Kommunen opplever samarbeidet sitt med fylkeskommunen og klimakoordinatoren som godt, og kjem til å halde fram med å bruke kontakten her og i nye Vestland.

Hyllestad kommune

Kommunens forståing og praktisering av klimaomstillingsarbeid på lokalt plan

Hyllestad kommune er ein liten kommune, så i eit klimaperspektiv handlar omstilling for dei om sentralisering og fortetting. Kommunen har berre éin skule og éin barnehage, så der har dei ikkje meir å redusere. Det er meir å hente for dei på hurtigladestasjon for el-bil, og kommunen har no tre vanlege ladestasjonar på kommunehuset. I nabobygda, Sørbøvåg, har mange gått over til el-bil.

Arbeidet skjer gjennom plan- og strategiarbeid, og vidare no i samfunnsdelen og arealdelen. Kommunen har eit eige kapittel i samfunnsdelen med plan og strategiar til klimarelatert arbeid.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

I småkommunane er det vanskeleg å sjå og prioritere klimapolitikk først, sidan det er så mange andre utfordringar å ta tak i. Det er vanskeleg å få politisk vilje til å gjere tiltak, og administrasjonen kan ikkje berre gjere det sjølv. Arbeidet må vere forankra i samfunnsdelen og dei kommunale planane.

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Politikarane har ønsket mål og strategiar for klima, men også folkeopplysning, altså kva folk er villige til å gjere sjølv. Overordna frå kommunenivå. Hyllestad kommune er nabokommune med Fjaler, er der det demografiske tyngdepunktet er Dale sentrum. Folk vel kanskje å bu der framfor i Hyllestad, så det er viktig for kommunen å sentralisere for å greie å skape eit fullverdig kommunesenter med skule, barnehage, og fleire arbeidsplassar.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Hyllestad kommune vart med i prosjektet for å få innspel til klimaarbeid, og har i perioden arbeidd med planprogrammet i kommunen, med revisjon av samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Som ein liten kommune hamnar klima fort i siste rekkje i kvardagen, difor har det vore positivt å vere med i prosjektet. Det blir for omfattande for dei å utarbeide ein klimaplan, så dei forsøker å implementere mest mogeleg i samfunnsdelen. Som eit tiltak som kan gjennomførast i planperioden, har dei lagt inn hurtigladestasjon i samfunnsdelen av planen. Per i dag er det få kommunale bilar som er elektriske, men dei har leasing-avtalar for el-bil.

Kommunen har vore representert på administrativt nivå på dei fleste samlingane, og har funne det nyttig med innspel frå andre kommunar, deira utferdingar og lærdommar. I januar 2018 var fire tilsette frå Vestlandsforskning innom på møte og kompetanseheving. Her deltok folk frå drift, vedlikehald og byggesaksavdelinga.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Kommunen har vore med på dei fleste samlingane på Skei. Dei har opplevd det som positivt med innspel frå andre kommunar, dvs. å høyre om deira utfordringar og «stele» lærdom frå

dei. Det gjer det enklare å sjå korleis dei sjølve kan implementere arbeidet med planar enn om dei berre hadde vore aleine om det.

Nye samarbeid?

Prosjektet har ikkje i så stor grad skapt nye samarbeid for Hyllestad. Det er vanskeleg for dei å vurdere om dei kunne ha henta informasjonen på andre måtar utan prosjektet, men dei meiner dei har fått mykje ut av deltakinga. I forkant av møtet hjå Vestlandsforskning hadde dei kommunetilsette eit arbeidsmøte der dei drøfta utfordringar dei såg med klimaomstilling. Dei fekk mange gode innspel frå forskarane. Kommunen har nytta folk i prosjektet som sparringspartnarar undervegs.

Tenker de annleis om kva grønt skifte, eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?

Kommunen lærde mykje av klimaspelet med Vestlandsforskning. Dei har i ettertid tenkt meir på kva kommunen kan gjere for å redusere utslepp hjå innbyggjarane, men ser at haldningsendringar blant forbrukarar kanskje er det viktigaste. For kommunen blir det meir naturleg å tenkje på konsekvensane av klimaendringane som er synlege. Dei organiserte plastinnsamling i fjor haust, men nemner at innbyggjarane også uoppfordra har levert inn plast til miljøstasjonen tidlegare, utan nokon kampanje. Difor ser dei på folk som «generelt litt miljømedvitne». Kommunen har også promotert ENØK-tiltak på heimesidene sine og på Facebook, men elles ikkje så mykje direkte retta mot innbyggjarane.

Samanslåing av offentleg verksemd

Kommunen har førebels ikkje merka så mykje til samanslåinga, men er spent på korleis forholdet deira til fylkeskommunen og Fylkesmannen blir i framtida. Dei tykkjer ikkje nødvendigvis det er så gunstig, i eit klimaperspektiv, med meir reising. Dei er dessutan usikre på om det vil bli vanskelegare å få hjelpa dei treng i ein stor fylkeskommune.

Oppsummering og drøfting

Alle dei intervjua aktørane framheva at dei har fått mykje ut av å delta i Grønt skifteprosjektet. Særleg samlingane vart haldne fram som nyttige arenaer for heving av kunnskap og kompetanse, og som ein arena for å byggje nettverk med andre kommunar. Kommunane er særleg blitt kjende med klimarådgevaren i fylkeskommunen, noko som senkar terskelen for å ta kontakt og be om innspel i det daglege arbeidet. At fleire av kommunane i ettertid har søkt om midlar frå Miljødirektoratet for å halde fram nettverksarbeidet i eigen regi og byggje vidare på samarbeidet frå prosjektet, tyder òg på at dei ser nytte i samarbeid.

I perioden har det skjedd ei klar endring i medvitet om klimasaka, både i offentlegheita og i kommunane. For prosjektdeltakarane er det vanskeleg å knyte dette spesifikt til Grønt skifteprosjektet, men prosjektet har bidrege til å sette klimaomstilling på dagsorden lokalt.

I intervjua kom det også fram at kommunane opplever det som vanskeleg å gripe tak i forbrukssida av utsleppsreduksjonen. Sjølv om dei ønskjer å leggje til rette for reduksjon, er det vanskeleg å vite korleis dei skal gå fram. Særleg gjeld dette reduksjon av forbruk, fritidsreiser og anna som ikkje kommunen rår over eller har verkemiddel for å påverke direkte. Nokre kommunar etterlyste meir konkrete oppgåver og utfall av prosjektet,

samstundes som dei reflekterte over at ulike kommunar hadde ulike prosjekt og behov i perioden.

Fleire kommunar framheva også at det er vanskeleg å prioritere klima- og forbrukskutt i kommunar som jobbar med å halde oppe innbyggjartalet og legge til rette for næringsutvikling. Flora kommune håpar at hydrogensatsing kan vere eit positivt tilskot til næringsutviklinga i deira kommune når den nye fylkeskommunen er etablert. Ei slik satsing vil bidra til både næringsutvikling og utsleppsreduksjon. Eid kommune har på si side arbeidd aktivt for å få cruisehamn, og same dag som avslutningsintervjuet vart gjennomført, la det fyrste cruiseskipet til kai i kommunen. Dei ønskjer å få ein del av potensialet som ligg i å vere ein turistdestinasjon i Sogn og Fjordane og vere eit handelssentrum i Nordfjordeid, og må balansere dette opp mot omstilling for klima og berekraft.

Det er ulike syn blant kommunane i prosjektet på å sjå til byane for å lære om klimaarbeid. Stryn kommune påpeikte at små kommunar har mykje å lære av byane når det gjeld å legge til rette for omstilling av til dømes transportmønster, medan Gloppen kommune saknar gode døme på at småkommunar har løyst problem knytt til klimaomstilling. Dei leiter sjølve etter gode døme i ettertid, og ønsker seg meir forskning på små og mellomstore kommunar.

Samstundes er det mykje som skjer lokalt, og arbeidet med Grønt skifte-prosjektet har gjort det enklare å innarbeide eit klimafokus i planarbeidet i fleire av kommunane. Ein flaskehals i dette arbeidet er at det administrative nivået er avhengig av politikarar som prioriterer utsleppsreduksjon og som føler at dei har nok støtte hjå innbyggerane til å gjere vedtak som kan svi i det korte løpet, men som er nødvendige for ein reduksjon i tråd med det dei ser må til, og som dei har lært om på samlingane.

Rapporten med heilskapleg klimasårbarheits-analyse har vore nytta i ulik grad, og nokre av kommunane har peikt på at rapporten er vanskeleg å omsette til lokalt klimaarbeid, særleg når det gjeld den indirekte sårbarheita. HOPE-spelet har vore nyttig som augeopnar når det gjeld omfanget av klimakutta som krevst. Medvit rundt kva som blir og ikkje blir målt i SSB-statistikken har vore viktig, men ikkje alle kommunane er like komfortable med meir kompliserte talgrunnlag.

Det rår ein del uvisse kring kva fylkessamanslåinga vil få å seie for klimaomstillingsarbeidet i kommunane. Her blei mellom anna reiseveg og avstand hyppig nemnt. Fleire sa dei ikkje visste om dei ville kunne halde fram med det gode samarbeidet med fylkeskommunen i den nye regionen. Stryn kommune peikte på at større fagmiljø kan vere positivt: når fleire arbeider med klimaomstilling i den nye fylkeskommunen, kan det vere ei god støtte for kommunane òg.

Erfaringar frå regionale aktørar

Fylkeskommunen

Klimaomstilling på regionalt plan

Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidd med ein klimaomstillingsplan kopla til Grønt skifte-prosjektet. Tidlegare har det vore litt silo-tenking med plan og klimatilpassing, men med den nye planen ville dei forsøke å inkludere samfunnsendingar. Dette ser dei som eit

ledd i å følgje opp Paris-avtalen og sikre samfunnet mot framtidig fare. Den regionale planen skal synleggjere at arbeid med utsleppsreduksjon, CO₂-fangst og -lagring, klimatilpassing og kunnskapsheving heng tett saman. Planen har sett utsleppsmålet likt minimumsnivået nasjonalt, men dette er ikkje nok til å innfri måla i Parisavtalen utan samhandling.

Fylkeskommunen ser det som viktig at å ta ansvar, men understrekar at ansvaret må takast på alle nivå, ikkje berre det regionale.

Omstilling, slik fylkeskommunen forstår det, er eit omfattande tema som inkluderer klimakunnskap, klimakommunikasjon, bistand til kommunane i kunnskapsheving og utdanning av nullutsleppgenerasjonen. Ofte blir klimaomstilling knytt til risiko og tilpassing, mens utsleppsdelen ikkje får like mykje fokus. Fylkeskommunen er òg opptekne av å formidle gode prosjekt og kva som skjer i eige fylke.

Utsleppsreduksjon er sentralt på samferdsle-området. I anbodsrunder for snøggåtruter går dei saman med andre fylke i eit forsøk på å samarbeide om teknologi. Dei har valt å fokusere på det som er tilgjengeleg i statistikken og område der dei kan gjere noko. Fylkeskommunen eig båtar, bussar og ferjer, og kan påverke dette på andre måtar enn dei kan med internasjonal flytrafikk. Dei freista å sjå totalbildet og kva deira rolle er. No arbeider dei med berekraftmål som skal ligge til grunn for ein felles, regional strategi for Vestland.

Klimaomstilling på lokalt plan og arbeid med dette i dag

10 kommunar har delteke i prosjektet. Fylkeskommunen har ei rolle i å hjelpe kommunane med å sjå kva dei kan gjere, og erfarer at det er utfordrande for kommunane å sjå kva slags utslepp dei kan ta med. Fleire tenker på kutt i fly, vareimport og likande, men dei slit med å inkludere det i planane sine. Kommunane som har vore med i Grønt skifte-prosjektet har fått tett oppfølging, og det har tydelegvis vore nyttig for dei.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

Det er meir fokus på klima i dag enn for nokre år sidan. Klimaendringane, i form av uvêr og skadar knytt til flaum- og skredhendingar er synlege, og det er meir kunnskap om konsekvensane. ROS-analysar spelar òg ei rolle. Fylkeskommunen er medvitne om å marknadsføre og rapportere på tiltak. Dei har eit toårig handlingsprogram som dei sjølv meiner kunne ha vore meir ambisiøst, men som er avgrensa av tilgangen på ressursar og personale.

På området vatn og vassdrag er det ei endring mot å sjå meir heilskapleg på nedslagsfeltet, og eit fokus på å opne bekkeløp, som gjer meir plass til aukande mengder nedbør, i tillegg til å vere betre for økosystem. Dei er òg merksame på at miljøgifter kan bli eit problem sjølv ved éin grads temperaturauke, og at det kan bli viktig å fjerne miljøgifter og avfallsdeponi frå vasskjelder for å førebygge ureining.

På landbruksområdet har dei ei arbeidsdeling med Fylkesmannen, som arbeidar meir konkret med landbruk. Fokuset på klima er prosjektbasert, ikkje systematisk. Her er det utfordrande å utforme planar ut over at landbruket skal drivast meir klimavenleg.

Fylkeskommunen vil ivareta landbruket i Sogn og Fjordane, så dei går ikkje inn for å redusere kjøttforbruket. Dei har tatt inn skog og myr, driftsmåtar som reduserer utslepp, og klimatilpassing i planane sine. Dei deltar òg i forskingsprosjekt.

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Fokuset på klima er, slik dei ser det, ein kombinasjon av enkeltpersonar, etterfølgd av politikarane, og nasjonale forventningar som er tydelege på kva fylkeskommunen skal fokusere på når det gjeld reduksjon av klimagassutslepp. Dei skal ikkje auke, og helst kuttast, samstundes som det skal skapast trygge og berekraftige samfunn. Det er òg ei generell samfunnsending, der klimaomstilling ikkje er eit snevert fagfelt, men går inn i alle felt. I Vestland fylke skal klimaomstilling vere sektor-overgripande, saman med folkehelse. Generelt opplever dei det som utfordrande at nasjonale retningslinjer og støtteordningar ofte ikkje har fokus på småplassar og distriktsutfordringar. Til dømes er det vanskeleg å få bort privatbilismen i Sogn og Fjordane når kollektivtilbodet er lite utbygd. Arbeidet må tilpassast fylket.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Frå fylkeskommunen er det hovudsakleg klimarådgjevaren (Ida-Beate Mølmesdal) som har deltatt. Dei ville gjerne hatt fleire tilsette med, særleg når klimaplanen legg opp til heilskapleg arbeid. At dei sit nært, gjer det mogleg å samarbeide, men ein del faktorar utanfor prosjektet (samanslåing, omorganisering og sjukdom) har påverka evna til å samarbeide.

Samanslåinga av fylkeskommunar har vore utfordrande, men dei tykkjer det er viktig å sette klima på dagsorden og ikkje vente i fem år, til alt er på plass.

Samarbeidet administrativt og internt i fylket er blitt betre, men ikkje nødvendigvis på grunn av prosjektet. Klimarådgjevaren blir oftare invitert med på møte der klima er ein del av det som skal diskuterast, og ikkje berre klimarådgjevaren sitt ansvar. Dialogen med kommunane har synleggjort behovet for å snakke i lag og fortsette arbeidet, og dei ønsker seg eit regionalt nettverk og samarbeid på alle nivå blant dei som arbeider med det til dagleg.

Politisk nivå har ikkje deltatt i prosjektet. Dei har fått tilbod om å få prosjektet presentert, men har ikkje ønskt det.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Samlingane vart organisert slik at dei gjorde nytte av møte som uansett skulle finne stad. På NVE si samling på Skei, supplerte Grønt skifte-prosjektet planar som allereie var lagt. Erfaringa frå organiseringa er at det er nyttig på møte som ikkje er for lange, der dei til dømes kan ta opp tematikk som kommunane arbeider med på det tidspunktet, utdjupe tematikken og støtte kommunane. Prosjektet har nytta ulike innleiarar på ulike samlingar, og fylkeskommunen tykkjer det har vore nyttig også for deltakarane frå deira organisasjon og at det har bidrege til kunnskapsauke internt. Der det har vore utfordringar som fylkeskommunen deler med kommunane, har dei også tydeleggjort for kommunane at dei kan bli gode i lag, til dømes i arbeidet med å knyte saman klimarekneskap og -budsjett.

Redusert forbruk er ein del av fylkeskommunen sin plan, men dei erfarer at det er vanskeleg å måle effekt. Samstundes er det viktig for dei å vere eit forbilde, drive haldningskampanjar og prosjekt retta mot skular, sjølv om det er vanskeleg å måle. Dei har òg klimafokus på innkjøp, har endra reglement og auka miljøkrav. Bygg og eigedom har gjort mykje med energisparing, som også sparer dei for unødvendige kostnader.

Rapporten har synleggjort kva som inngår i statistikken, og forholdstala for kor stor del av det totale det utgjer. Dette har vore ein vekkar for mange av kommunane, særleg HOPE-spelet.

Fylkeskommunen har også spelt inn til nokre av kommunane i fråsegn at dei må ta utgangspunkt i eit heilskapleg utsleppsbilete. Tilbakemeldinga er ofte at dei ikkje veit korleis, og fylkeskommunen ser også at det er vanskeleg å ta inn utsleppa i statistikken dei ikkje rår over, men prøver å få inn at forbruk er ein del av omstillinga.

Tenker de annleis om kva grønt skifte, eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?

Dei har hatt både store og små kommunar i prosjektet, og det har gitt klimarådgeveren i fylkeskommunen mykje tettare kjennskap til kva som trengst for å sikre at klima blir dekt på ein god måte i planane. Mange av kommunane har deltatt med planarbeid. Ein har meldt seg ut, ikkje aktivt, men berre ved å unnlate å delta.

Samanslåing av offentleg verksemd

Førebuing av samanslåinga med Hordaland har omfatta mange tidskriske arbeidsoppgåver, og ein del av fokuset frå fylkeskommunen si side har vore at kommunane ikkje skal merke samanslåinga i negativ forstand. Fylkeskommunen har ei viktig rolle ovanfor kommunane i å styrke det regionale samarbeidet. Den ønsker dei å leve opp til.

Fylkeskommunen vil gjerne ta med seg det gode nettverksarbeidet vidare, og håpar at dei kan få eit like godt system i nye Vestland fylke. Dei ser det som positivt at dei får eit styrka fagmiljø med fleira tilsette på klimafeltet, for det er behov for sterkare fokus på temaet og meir ressursar. Klima er ikkje nedprioritert, men det er eit spørsmål korleis enkeltvedtaka blir følgde opp og er forankra i strategiane. Dei trur ikkje heilt samfunnet har skjønnt kva det vil innebere å nå 1,5-gradersmålet.

Klimaomstilling er ein krevjande prosess, og dei opplever ikkje at dei har funne fasiten enno. Hordaland har hatt sterkare fokus på klima i budsjettssamanheng og løyvd meir midlar (men veit ikkje om det relativt sett er meir eller mindre). I det nye fylket sorterer klima både under næringsutvikling og grøen konkurransekraft.

Det blir nytt planarbeid etter valet, og for fylkeskommunen er det viktig at det blir ein god samanheng mellom samfunnsdelen og nedover i arealdelen, i tillegg til fokus på heilskapleg sårbarheitsanalyse. Dei forventar ikkje at kommunane skal ha alt med, men vil gi dei tilbakemelding om ein del ting dei burde tenke på.

Fylkesmannen

Klimaomstilling på regionalt plan

For Fylkesmannen handlar klimaomstilling om tre sentrale tema: Tilpassing, arbeid for reduserte klimagassutslepp og samfunnsendringar. Det blir teke omsyn til klima i risikovurderingar (til dømes flaumvollar), men meir medviten bruk av den regionale klimaomstillingsplanen må til i planarbeid.

Klimaomstilling på lokalt plan og arbeid med dette i dag

Det er ei breiare forståing i organisasjonen i dag om at berekraft må vere noko reelt. Fylkesmannen meiner dei er på rett veg, samstundes som det ikkje snakk om radikale endringar. Her har samanslåinga med Hordaland vore viktig, og skapt ei intern avdeling på tvers av verksemda.

Landbruk har endra seg mykje, og er tett på konkrete endringar som ekstremtørka i 2018. Den betydde skadar for bøndene og auka arbeidsbelastning, og dessutan behov for å stokke om på ressursane hos Fylkesmannen. Dei er òg med på forskingsarbeid knytt til elektrifisering, plantesjukdomar, skog som vern mot skred og klimavenleg materialval til fjøs.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

Klimaendringane er synlege i kvardagen, og Sogn og Fjordane var tidleg på plass med ei tverrgående gruppe med avdelingsleiarar. Særleg er klimaendringane synlege i det daglege for avdelingane landbruk, beredskap og plan.

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Fokuset ligg i tida, men kjem også frå interne krefter. Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand var sekretær for utvalet bak NOU-en frå 2010, *Tilpassing til eit klima i endring*, som var leidd av dåverande fylkesmann i Sogn og Fjordane, Oddvar Flæte. Sogn og Fjordane var altså tidleg ute i nasjonal samanheng. For Fylkesmannen er det viktig at beredskap blir integrert i arbeidet med ROS-analysar, slik at klima ikkje berre er eit eige punkt. Landbruk arbeider òg med å bruke handlingsrommet til å ta inn klimadimensjonen i planar og høyringar. I det nye fylket er det fire personar som har ein stillingstittel som inneheld ordet «klima».

Fylkesmannen understrekar at klimaendringane er her alt, og kjem til å krevje mykje ressursar i framtida. Det er ikkje hendingar kvar enkelt kommune greier å takle aleine, og ein må hjelpe kvarandre når ting skjer.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Fylkesmannen stilte ganske breidt i arbeidet med kunnskapsoversikt til rapporten. Dei har delteke på dei fleste av fellessamlingane og nokre kommunemøte, men det har variert litt, ut frå tematikk, kven av dei tilsette som har vore involverte. I tillegg deltek dei i den regionale partnerskapen som arrangerer den årlege, nasjonale klimaomstillingskonferansen i Sogndal.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Som kunnskapsleverandør i prosjektet har samlingane frå Fylkesmannen si side handla mest om å forklare lovverket for kommunane. Dei ser det som nyttig om prosjektet har ført til at kommunane har fått klimaomstilling forankra i planane sine. På landbrukssida har dei til dømes sett at kommunane tek direkte i bruk materiale frå kunnskapsgrunnlag som Fylkesmannen har arbeidd med. Hjø Sandness-kommunane er klima- og energiplanen den første planen som skal skrivast. I tillegg ser dei folkevalde i Sunnfjord kommune at dei må tenkje på klima og miljø også i andre planar.

I dei mindre kommunane ser dei nokre utfordringar, spesielt med tanke på ressursar og heilskaplege ROS-analysar. Samstundes påpeikar dei at ein ikkje kan forvente meir av ein liten kommune enn det styresmakter og forskarar legg frem som kunnskapsgrunnlag og rettleiarar. Kommunen må bestemme seg for kor stor risiko dei er villige til å ta, men det er ikkje rimeleg å forvente at dei har betre tal enn nasjonale styresmakter.

Fylkesmannen har brukt rapporten ein del, og har samla det som var viktig for deira område på 2-3 sider, slik at kommunane veit kva dei kan gjere og kan hente kunnskap frå den og kvarandre. Små kommunar kan ikkje gå for mykje inn i detaljar, men må ha hjelp til å velje rett. Konsekvensar av klimaendringar i andre land er til dømes ikkje noko Fylkesmannen

meiner dei bør fokusere på. Dei vil heller handtere klima som del av ein større samtale som handterast i kvar sektor.

Tenker de annleis om kva grønt skifte eller omstilling betyr for kommunen etter deltakinga i prosjektet?

I Fylkesmannens perspektiv var Sogn og Fjordane-samarbeidet noko som alt var rigga og fungerte, så prosjektet har handla meir om å stadfeste at denne måten å arbeide på er god og nyttig. Det har handla om bevisstgjerjing, og om å få sett på papiret dei konstallasjonane som alt er der.

Samanslåing av offentleg verksemd

Den siste delen av samanslåingsprosessen med Fylkesmannen i Hordaland har bydd på ein vanskeleg balansegang for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Regionsamanslåinga har tatt mykje tid ettersom dei har arbeidd for å forankre klimaarbeidet i det nye fylket. Det er val til hausten og nye planstrategiar etter det. Mange kommunar i Hordaland har ein litt sovande klimaplan, og med fersk organisering, må dei jobbe for å rettleie kommunane godt, mellom anna i fråsegner og planstrategiar.

NVE

Klimaomstilling på regionalt plan

Klimaomstilling er ikkje så sentralt i NVE; dei arbeidar i hovudsak med klimatilpassing. Fokuset ligg på naturfarar som vatn, skred og flaum, så det er meir snakk om å tilpasse mengder og legge inn høgare buffer på det dei allereie gjer. Energiseksjonen i NVE har eit litt anna fokus, som særleg dreier seg om at straumnettlet må ha kapasitet til å ta imot meir fornybar energi. På regionkontoret og avdelinga som arbeider med flaum, skred og sikring (som har vore involvert i Grønt skifte-prosjektet) handlar det om sikring og å ta omsyn tidleg i beredskapssamanheng, til dømes ved å byggje høgare flaumvollar. Som direktorat er dei oppteke av å vere aktuelle, ta rolla som myndigheit på vatn nasjonalt og regionalt og bidra med kunnskapsgrunnlag.

Deltaking i prosjektet «Samhandling for grønt skifte»

Det var regionkontoret i Førde som melde dei inn i prosjektet, men det var skred- og flaumseksjonen som gjennomførte prosjektet. NVE har hatt ei avgrensa deltaking, ettersom prosjektansvarleg hadde to permisjonar i perioden, og tematikken rundt kommunane si kartlegging av utslepp og rutinar ligg utanfor feltet og rolla til NVE. Det har òg vore ein del uvisse rundt premissane for at dei har vore med, men NVE kan ikkje peike på om det er frå Vestlandsforskning eller NVE si side. NVE har vore medarrangør av klimaomstillingskonferansen i 2016 og 2017, men berre på ein liten del av programmet (og nærast som eit alibi for at statleg nivå er med).

Kvar fokuset på klimaomstilling kjem frå

Fokuset er ein konsekvens av hendingar. Ein ser at det ein har gjort får konsekvensar, til dømes regulering av elvar og endring av infrastruktur som ikkje er tilpassa dagens nedbørmengd. No har NVE fokus på å endre frå vatn i røyr til opne vassmassar.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Deltakinga har ikkje gitt nokre store verknader for NVE, ut over å bli kjent med kven som arbeider med klima i fylket. Dei har og erfart at det er positivt for kommunane å vite kven dei er, så dei har ei dør å banke på om dei lurar på noko. På samlingane har NVE formidla kunnskap, og frå eit statleg synspunkt var det interessant å få eit innblikk i korleis kommunar jobbar og kor komplekst det er, men dette er òg erfaringar dei får frå fagsamlingar utanfor prosjektet. Grønt skifte har likevel vore ein god arena for å kalibrere røyndomsforståinga i NVE, og har bidrege til «buzzinga» rundt klima.

Tre av dei NVE-tilsette brukte ein god del tid på rapporten, og hadde ein del kommentarar om ting som måtte rettast opp då han kom på høyring. Dei var òg med på eit lengre intervju med Vestlandsforskning. I same periode har NVE halde på med å legge om tenkemåten internt, frå enkeltstrekningar som skal sikrast til å heilskap når det gjeld til dømes nedbørsfelt, oppstraums- og nedstraumseffektar. Dei løftar blikket meir enn før, noko som òg heng saman med 2016-NOUen om overvatn. Rapporten frå Grønt skifte-prosjektet, særleg det som handlar om utsleppskutt hos innbyggjarane, er vanskeleg for NVE å relatere til, for det er ikkje slike tema NVE jobbar med. Samstundes har det vore nyttig for dei å vere med, særleg for å formidle NVE sitt budskap om å unngå å byggje seg inn i fare. Dette er ein budskap dei meiner blir viktigare med klimaendringane i framtida. Det er billigare å førebyggje enn å reparere, og såleis viktig for liv, helse og samfunnsøkonomi.

Samanslåing av offentleg verksemd

NVE-regionane går på tvers av fylka, så samanslåinga får lite å seie for deira arbeid.

Statens vegvesen

Klimaomstilling på regionalt plan

Klimaomstillingsarbeid inneber reduksjon i klimagassutslepp. Vegvesenet skal følgje opp Nasjonal transportplan (NTP), særleg innan ferjer og arealbruk, og komme med fråsegn om planar på regionalt og kommunalt nivå. Det kviler ein del nasjonale føringar på vegvesenet sitt arbeid. Dei skal halde verda framkommeleg, men òg handtere varsel, og ha fokus på samfunnstryggleik og beredskap. Men dei merkar òg eit auka medvit regionalt, og eit ønskje om å redusere utslepp frå transport trass i at aktørane ikkje veit korleis og opplever at dei manglar verkemiddel. Dei ser òg auka medvit om at gåing og sykling er bra for folkehelsa. Tidlegare var vegvesenet forvaltningsansvarleg for rikspolitiske retningslinjer. Det er dei ikkje i dag, så når dei kjem med motsegner om til dømes utbygging av byggjefelt, blir innvendingane deira sjeldan tatt omsyn til. Utbyggingar kjem på lite transportgunstige plassar som Kjørnes, Montér på Kaupanger, osb.

Vegvesenet taper òg motsegnaker til departementet, og opplever at dei har for stor tru på at elbilen vil gi det nødvendige utsleppskuttet. Det er større medvit om overordna mål, men klima taper når det kjem til einskildsaker.

Korleis arbeidet med klimaomstilling er knytt til klimaendringar

Det er to ytterpunkt i arbeidet: på den eine sida, å redusere (t.d. ferje), og på den andre sida: å tilpasse (t.d. stikkrenner). Begge er forankra i NTP. Vegvesenet har òg fokus på avfallsreduksjon, til dømes korleis dei gjennomfører vask av tunnelar på ein meir

miljøskånsam måte enn før, har deponeringsavgift for å sikre at entreprenørar tek ansvar for avfallet, osv. Storbyane har størst merksemd på nullvekstmål, med utbyggingskontraktar om fossilfritt og elektrifisering.

Vegvesenet merkar auka interesse for sykling. Dette krev tilrettelegging på alle vegar (kommune, fylkeskommune, stat), men her ligg òg ei utfordring i oppsplitting: Syklisten bryr seg ikkje om kven som eig vegen. Vegvesenet samarbeider med kommunane om ein ny standard for breidde på vegskuldrar (1,5 m), som vil gje betre plass til syklistar og betre tryggleik.

Dei ser at kommunane slit med å få oversikt over verktøykassa si, og ønskjer at storsamfunnet kunne ha vore flinkare til å dele kompetansen. Her ligg òg eit spørsmål om kva som skjer med samanslåing og oppsplitting på ulike nivå.

I arbeidet med ny NTP, peikar vegvesenet på at klima ikkje nemnt. Planen handlar berre om pengar, auka fart og betre framkome. Departementet vil ha fleire vegar med fartsgrense på 110-120 km/t, og vegvesenet sin jobb no er mest å gjennomføre, mens dei tidlegare gav meir råd også. Slik sett meiner dei Grønt skifte-prosjektet ikkje er i takt med den nasjonale politikken, som reknar på pengar og ikkje på miljø.

I den nasjonale samtalen tykkjer dei er bompengar dominerande. Det er mange i administrasjonen i kommunane som vil få til klimaomstilling, men dei må ha politikarane med om dei skal få det til. Nokre av kommunane sit også og ventar på tiltak frå staten for å auke talet på gåande og syklande, trass i at vi har eit fylkeskommunalt og kommunalt vegnett.

Deltaking i prosjektet Samhandling for grønt skifte

Vegvesenet har delteke på samlingar som har vore relevante for dei, og har bidrege til rapporten om heilskapleg sårbarheitsanalyse.

Erfaringar frå samlingane og bruk av rapporten

Det er nyttig at ulike nivå og aktørar snakkar saman og ikkje berre om kvarandre, at dei kan løyse ting i fellesskap. Klimaomstillingskonferansen er eit godt døme. Den første konferansen var mest for dei som alt var interesserte, men det blir stadig fleire som vil ha informasjon og eit godt faktagrunnlag.

Samstundes stiller dei spørsmålet ved om kunnskapen når fram til dei politiske nivået. Det er stor avstand mellom embetsverk, fagpersonar, private leiarar og politikarar. Det er òg stor avstand i forståinga av klimaproblema mellom dei som jobbar med klimatematikken, og «folk flest», som har ulikt kunnskapsnivå, eller til dømes medievinklingar som ikkje går like djupt. Her liknar klimasaka på trafikktryggleik-saka: fagfolka er samde om at å senke farten reddar liv, men dei møter politisk motstand. Bilbeltet var upopulært då det blei innført, men er innarbeidd no. Airbagen var det aldri protestar mot, den synast ikkje før den trengst, og påverkar ikkje personleg fridom. Dette viser at folk vil ha måla, men ikkje tiltaka.

Samanslåing

Vegvesenet har ei pågåande omstrukturering i eigen organisasjon, men denne prosessen følgjer ikkje regionsamanslåinga. Store einingar er bedriftseffektivt, men ikkje spesielt klimavenleg. Dei møtast meir no, men det er både meir fly og meir Skype. Samstundes har nokre tilsette kutta i køyringa gjennom auka bruk av Skype og nettmøte berre ved hjelp av

eiga kartlegging og bevisstgjerung. I deira erfaring reduserer nettmøte behov for fysiske møte, men det forutset ein relasjon til personane og at møta ikkje er dagslange.

Oppsummering og drøfting

Det regionale nivået har hatt svært ulik tilnærming til og deltaking i prosjektet. Det er fylkeskommunen som har vore tettast på kommunane, samlingane og planlegginga av prosjektet. Fylkesmannen har bidrege aktivt i heile prosessen, hovudsakleg som kunnskapsleverandør. Klimaendringane er synlege i kvardagen i Sogn og Fjordane, og det er endringar i det regionale arbeidet for klimatilpassing, ROS-analyser og anna arbeid. For fylkeskommunen er det viktig å forankre omstillingsarbeidet i planarbeidet og ha like mykje fokus på reduksjonsbiten.

I intervju med kommunane kom det fram at dei tykkjer klimaomstillingsarbeid er utfordrande fordi dei har avgrensa ressursar, samstundes som dei etterspør meir kunnskap og har sett prosjektet som viktig for kompetanseheving. Dette viser att i erfaringane frå dei regionale aktørane, som har brukt Grønt skifte-prosjektet og samhandlingsarenaer til å formidle kunnskap og rettleie kommunane.

For NVE og Statens vegvesen har ikkje alle samlingane og delar av prosjektet vore like aktuelle. Dei har bidrege der dei har sett at det høver og delteke i kunnskapsgrunnlaget til den heilskaplege sårbarheitsanalysen. I begge tilfelle legg det avgrensingar for kva dei har tykt det gjekk an å delta på, då dei er statlege etatar som har eit klart nasjonalt mandat. Forbrukskutt blant innbyggjarane i ein kommune inngår ikkje heilt klart i dette mandatet, og særleg for NVE, har ikkje alle delar av prosjektet vore like naturlege å involvere seg i. Samstundes har dei sett at kommunane har hatt nytte av samlingane og brukt dei som arena for kunnskapsheving. Samlingane har òg gitt høve til å syte for at kommunane har den same forståinga av kva retningslinjene deira tyder og korleis dei skal omsettast til praksis.

For Statens vegvesen har det vore vanskeleg å bidra til alle delar av prosjektet, ettersom Grønt skifte-prosjektet til dels går mot politiske styringssignal på nasjonalt nivå, til dømes med oppfordring til forbrukskutt i staden for å vente at el-bilane skal løyse omstillingsbehovet. Dei ser òg at ein del av kommunane ikkje brukar alle verktøya dei har, men ventar litt på staten, sjølv om vegnettet er kommunalt og fylkeskommunalt.

Alle dei regionale aktørane ser auka medvit om klimaendringar, behovet for klimatilpassing og klimaomstilling. Dei ser ikkje éin faktor dette kan knytast til, men merkar auka medvit, både generelt i samfunnet og politisk – sjølv om dette i ulik grad blir reflektert i planar og politikk. I prosjektet har samlingane vore ein arena for å rettleie kommunane, og dei har bidrege til å senke terskelen for å ta kontakt om ein treng hjelp.

Samhandlinga rundt *planlegginga* av samlingane og av den årlege klimaomstillingskonferansen i Sogndal, blir trekt fram som positive og som eit bidrag til betre dialog på tvers av nivå og etatar. Det er òg auka interesse for denne blant stadig fleire aktørar.

Arbeidet med den heilskaplege sårbarheitsanalysen var ikkje aktivt forstått som samproduksjon av intervjuobjekta, men dei har i ulik grad bidrege til utforming av rapporten, tilbakemeldingar og diskusjonar med forskarane frå Vestlandsforskning.

Regionsamanslåinga påverkar i størst grad fylkeskommunen og Fylkesmannen. For fylkeskommunen har det vore mykje fokus på at kommunane ikkje skal merke samanslåinga,

men prosessen har òg tatt mykje tid og kapasitet, og har påverka prosjektarbeidet negativt. Også Fylkesmannen si involvering har vore negativt påverka av samanslåinga, særleg det siste året. I den nye fylkeskommunen blir klimaomstilling eit større fagfelt, som gir meir ressursar og kapasitet, men det må samtidig vere forankra i planarbeidet i den nye fylkeskommunen. Statens vegvesen står midt i si eiga omorganisering, medan NVE går litt meir på tvers av regionane.

Konklusjon

Den avsluttande intervjurunden viser at kommunane som har vore med i heile prosessen, har sett det som positivt. Prosjektet har bidrege til kunnskapsauke og kompetanseheving hjå dei administrativt tilsette. Nokre av kommunane har vore meir aktive enn andre, og éin kommune har meldt seg ut undervegs ved ikkje å delta på samlingane. Når det gjeld dei som har vore med, har talet på tilsette variert, i tillegg til kva for avdelingar dei kjem frå. Fleire har nytta samlingane som eit høve til å bli betre kjende også innan eigen kommune, i tillegg til å knyte kontakt med andre kommunar og på tvers av nivå. Eit teikn på dette er at nokre av dei aktivt har søkt midlar til å halde fram med nettverksarbeidet i ettertid (jf. prosjektmål 3 og 4 om nye arbeidsmetodar og tilnærmingar).

På regionalt nivå har fylkeskommunen og Fylkesmannen vore tettare på heile prosessen enn NVE og Statens vegvesen, men alle fire seier at kommunane har hatt nytte av projektet. Fylkesmannen peikar i intervjuet på at dette samarbeidet alt eksisterte i Sogn og Fjordane. Frå eit slikt perspektiv, har projektet vore ei måte å stadfeste korleis dette fungerer, men etter det kommunane seier, har det òg skapt nye samarbeid for dei, auka kompetansenivået hjå dei tilsette og gjort det enklare for dei å vite kven dei kan ta kontakt med på regionalt nivå. Jf. prosjektmål 5 har altså projektet bidrege til å vise at å samhandle på tvers av nivå, kan styrke vilkåra for klimaomstilling av kommunane i regionen.

I prosjektperioden har det vore ein tydeleg auke i interessa for og kunnskapen om klimaendringar og behovet for klimaomstilling. Det er likevel vanskeleg å slå fast kor mykje av dette som kan knytast til Grønt skifte-prosjektet og kor mykje som kjem av ei generell samfunnsendring. Eit område der projektet kan har hatt direkte påverknad og auka folk sitt medvit om temaet, er gjennom HOPE-spelet, som har gitt kommunane ei forståing av storleiksorden og kjelder til indirekte utslepp frå innbyggjarane sitt forbruk. I intervjuet kjem det fram at HOPE-spelet gav kommunen ei meir heilskapleg forståing av det lokale klimaarbeidet (jf. prosjektmål 2, men òg at det er utfordrande for kommunane å omsette dette til praksis i planane sine, ut over det som går på auka tilrettelegging for gåande og syklende, betre planlegging av bustadfelt, kollektivtilbod osv. Når det gjeld sårbarheit overfor eit tøffare klima, forsøker nokre av kommunane å meistre uvissa gjennom å vere restriktive på å gje unntak frå planar når dei søker om bygging i område som kan bli utsette for skred eller flaum på grunn av klimaendringar. Samstundes har ikkje kommunane eigen fagkompetanse på alle område og må stole på at dei faglege råda frå etatar og eksisterande utgreiingar er gode nok.

Kvardagen i små kommunar med pressa økonomi gjev ikkje alltid rom for å fokusere like mykje på alle sider ved klimaomstilling – desse må inn i planverka om dei skal få følgjer og haldast i fokus. Dei deltakande kommunetilsette har arbeidd godt med dette i perioden, men dei er avhengige av at det er ei samsvarande forståing frå politisk hald og en vilje til å gjennomføre tiltak som kan vere upopulære innafor ein kort tidshorisont, men har positiv effekt på lang sikt.

Når det gjeld næringsutvikling (jf. prosjektmål 6), kom ikkje kommunane med nye perspektiv på lokal og regional næringsutvikling. Flora kommune håpar på positiv næringsutvikling i den

nye, grønne økonomien, medan andre kommunar fortel at dei ser det som ei utfordring å få til næringsutvikling som ikkje bidreg til auka utslepp når til dømes turistnæringa og sentrumshandelen er baserte på lite klimavenleg transport. Her er det behov for meir forskning og samproduksjon av kunnskap med kommunane i det nye Vestland fylke, for å gå djupare inn i spørsmåla kring korleis næringslivet kan utvikle seg innanfor utsleppsregimet som må til om vi skal nå klimamåla.

Vedlegg

Intervjuguide lokale aktørar

Intervjuguide regionale aktørar